



"Wolverine (gulo gulo) jerv" by NTNU, Faculty of Natural Sciences is licensed under CC BY 2.0

Beredskapsplan for tiltak i samband med rovdyrangrep

FJORD KOMMUNE



Innleiing

Planen er utarbeidd av Fjord kommune i samarbeid med beitelaga, skadefellingslaget og rovviltutvalet. Planen er politisk handsama i kommunestyret 12.5.2022 i sak 22/464.

Føremål

Føremålet med planen er å førebygge skader frå freda rovvilt på beitande husdyr, og planen gjeld for heile Fjord kommune. I Fjord kommune er det hovudsakleg skader frå jerv som det har vore størst utfordringar med, men planen skal gjelde for alle typar rovdyrangrep frå freda rovvilt. Planen skal og gje klare føringar på ansvarsforhold og iverksetjing av tiltak ved rovdyrangrep. Beredskapsplanen skal vere eit levande dokument som kan endrast når ein ser behov for det. Administrasjonen i kommunen reviderer planen etter behov, og avklarar med rovviltutvalet og fellingsleiar prinsipielle endringar i beredskapsplanen. Endringar som medfører økonomisk ansvar eller større endringar i kommunens ressursbruk godkjennast av kommunestyret.

Aktørar:

Fjord kommune har det samordnande ansvaret for planlegging av beredskap mot rovdyr. Kommunen vil halde kontakt med nabokommunar for å orientere seg om situasjonen og eventuelt samarbeide

Rovviltutvalet skal vere eit rådgivande organ til kommunen når det gjeld rovviltforvaltning, og bruk av økonomiske støttemidlar til rovviltforvaltninga (FKT midlar).

Leiargruppa for rovvilt. Består av fungerande leiar i rovviltutvalet, fellingsleiar og sekretær. Leiargruppa organiserer skadefellingsforsøket. Dersom sekretær ikkje er tilgjengeleg kan fungerande leiar i rovviltutvalet sende skadefellingssøknad på vegne av kommunen.

Beitelaga skal ha ein kontaktperson som har ansvar for informasjonsflyt til og frå sine medlemmar. Beitelaga kan hjelpe til med organisering av tilsyn av beitedyr. Dei kan bidra til dokumentasjon av rovdyrangrep. Beitelaget kan og kartlegge og legge til rette for eventuelle sikre beredskapsbeiter.

Mattilsynet har ansvaret for dyrevernlova, og bør vere underretta om eventuelle alvorlige skadesituasjonar.

Rovviltkontakt frå SNO skal rykke ut for å dokumentere eventuelle rovviltskader.

SNO kan i enkelt tilfelle hjelpe til i skadefellingslaga.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal tek mot søknad om skadefellingsløyve, og gjer vedtak i perioden 1. juni til og med 15. februar. Statsforvaltaren skal rådgje kommunen i rovviltarbeidet.

Miljødirektoratet: Øvste myndigheit innanfor rovviltforvaltning. Gjer vedtak om felling av rovdyr i perioden 16. februar til og med 31. mai.

Rovviltnemnda region 6: Utarbeidar forvaltningsplan for å nå fastsette bestandsmål for rovvilt. Nemnda dekkjer Trøndelag og Møre og Romsdal. Statsforvaltaren i Trøndelag er Sekretariat for nemnda.

Grunneigarar kan hjelpe til med informasjon og tilrettelegging for skadefellingslaga.

Skadefellingslag: Fjord kommune har eit kommunalt fellingslag med 3 geografiske avdelingar, sørsida, nordsida og Stordal. Skadefellingslaga skal hjelpe til ved skadefellingsløyve frå Statsforvaltaren. Mannskap i skadefellingslaga kan operere innanfor heile kommunen. Fellingslaget har ein fellingsleiar i tillegg til lagsleiar ved kvar avdeling som fungerer som stadfortredar for leiaren. Dersom

fellingsleiar/lagsleiar ikkje er tilstade utpeikast ein leiar. Medlemmar til fellingslaga blir handplukka i samråd med kommune og fellingsleiar. Kommunen er oppdragsgivar for skadefellingslaget.

Årshjul for beredskap mot rovvilt

Januar: Møte mellom kommunen og Rovviltutvalet. Avklaring av søknad om FKT midlar.

Februar:

- Møte mellom kommunen, rovviltutvalet, fellingsleiar og beitelag. Planlegging av årets beitesesong
- Kommunen i samråd med fellingsleiar avklarar kven som blir med på årets fellingslag.

April:

- Plan for bruk av kursmidlar
- Skytetrening for skadefellingslag
- Kartlegge behov for eksterne resursar og gjere avtalar med førarar for kadaverhund
- Utlevering av timelister

Juni-august

- Beitesesong
- Kommunen informerer om ekstraordinært tilsyn og tidlegsanking til beitebrukaren.
- Fellingsoppdrag
- 10-15. august Møte i rovviltutvalet. Vurderer behov for tidlegsanking, og kvar i kommunen det skal vere.

September- oktober

- Registrering av timar og utbetaling skadefellingslag/ekstraordinært tilsyn
- Rapportering SF
- Evalueringsmøte alle partar.

Prosedyre for beredskap ved rovviltangrep

Før beitesesong.

Kommunen sitt ansvarsområde:

- Søkjer om FKT midlar i samråd med Rovviltutvalet (Søknadsfrist 15. februar)
- Utveljing av leiar til skadefellingslaget
- Utveljing av mannskap til skadefellingslaga saman med fellingsleiar
- Revisjon av informasjon til mannskap i kommunalt fellingslag
- Revisjon av beredskapsplan
- Revisjon av kontaktliste til beredskapsplan
- Organisere møte med aktuelle aktørar. Informere og planlegge kommande beitesesong.
- fordeling av arbeidsoppgåver

Beitelaga sitt ansvar

- Melder inn kontaktperson for det einssilde beitelaget
- Kartlegg og opprettar eventuelle beredskapsbeiter.
- Lagar tilsynsplan for tilsyn med kadaverhund

Fellingslaget/ fellingsleiar

- Plan for når mannskap skal ut og kor mange.
- Vurderer behovet for fungeringsliste for fellingslaga
- Skytetrening
- Kursing
- Registrerer seg som lisensjeger for aktuell art i [Brønnøysundregistrene](#)

Hundeekvipasje

- Søkjer om dispensasjon frå generell bandtvang i god tid før beitesesong.

Ved beitestart/informasjonsopplegg

- Eigar av beitedyr held tilsyn
- Medlemmane av beitelaga har tilgjengeleg merkeband til merking av kadaverfunn
- Beitelaga heng opp skilt med kontaktinformasjon til turgåarar
- Kadaverhund utfører rutinemessige søk.

Ved skade frå rovvilt under beitesesongen

Ansvarleg	Tiltak
Den som finn skadde/eller drepne beitedyr	Funn blir varsla til beitebrukar/beitelagsleiar eller den lokale rovviltkontakten på telefon 907 32 827 . Viktig å merke og sikre kadaver slik skaden blir dokumentert.
Beitebrukar/Rovviltkontakt	Rykkjer ut og varslar rovviltkontakt/beitebrukar. Beitebrukar avlivar skadde dyr dersom nødvendig. Beitebrukar tek kontakt med beitelagsleiar dersom han/ho vurderer det er aktuelt å nytte det kommunale skadefellingslaget.
Beitelaget	Ved skade der ein ønskjer å be om hjelp frå kommunalt skadefellingslag tek ein kontakt med kommunen eller rovviltutvalet for å orientere om situasjonen.
Fellingsleiar	Ved varsel om skade frå kommunen/rovviltutvalet blir fellingslaget varsla på SMS om mogleg skadegjerar.
Fellingsmannskap	Svarar fellingsleiar med SMS dersom dei er disponible for skadefellingsoppdrag ein eller fleire dagar.
Rovviltkontakt	Undersøker dyr og avgjer skadegjerar
Leiargruppa for rovvilt	Når SNO har stadfesta skadegjerar, kan leiargruppa etter oppmoding frå beitelaga søkje skadefellingsløyve. Statsforvaltar blir først orientert på vakttelefon 909 26 016 før skriftleg søknad blir sendt.
Statsforvaltaren	Ved fellingsløyve varslar SF straks beitelaget, Leiargruppa for rovvilt, SNO og politi. Avslag varslast på same måten.
Fellingsleiar	Ved fellingsløyve vurderer fellingsleiar i samråd beitelaga/leiargruppa for rovvilt ressursbruk som skal nyttast. Fellingsleiar tek den endelege avgjersla utifrå situasjonen. Mannskapet kan bli kalla ut. Det blir helde eit planleggingsmøte med mannskapet før ein set i gang fellingsforsøk
Beitelag/beitebrukar	Dersom Statsforvaltaren set inn andre tiltak/verkemiddel i området, så gjennomfører beitelag/beitebrukar dette parallelt, eller i staden for felling.
Fellingsleiar/beitelag	Held kvarandre orientert om når og kor beitelaga bør gå inn og leite etter nye skader. Rovviltkontakt får tilbakemelding om dyr som bør undersøkast, og når det kan gjerast.
Fellingsleiar	Hendingar undervegs blir loggført. Ved avslutning av skadefelling orienterer Leiargruppa om resultat frå fellingsforsøket.
Fellingsleiar/fellingslag	Samlar mannskapet som var med på fellingsforsøket, orienterar om resultatet, drøftar dei erfaringar som er gjort. Ein skriv og leverer inn timelister til Fellingsleiar.

Hending	Tiltak
Funn av kadaver Merking og sikring slik rovviltkontakt kan dokumentere skaden.	Dekke hovudet og hals slik ein sikrar dokumentasjon av type biteskader. Rovviltkontakt kan då lettare identifisere skadegjerer. Ta bilete av staden som syner fjelltoppar og andre kjennemerker slik det blir lettare å finne igjen kadaveret. Henge opp eit merke i tre i nærleiken av kadaveret, og/eller på stien der ein skal ta av. GPS kan vere nyttig til lokalisering, men ulike gps nyttar noko ulikt koordinatsystem, så det bør gjerast i kombinasjon med merking og bileter.
Skadeskyting av rovvilt	Statsforvaltar og politi varslast. Desse vil avgjere kven som skal gjennomføre vidare ettersøk. Skotplass må merkast, færrast mogleg oppsøker skotplass for å hindre ureining. SNO kan bli involvert i ettersøket
Kontakt frå media	Media blir vist til mediekontakt (kommunen eller rovviltutvalet), som uttaler seg på vegne av fellingslaget.
Personskade i fellingslaget	Legebehandling vurderast, akutte tilfelle må meldast til naudsentralen 113. Kommunen kontaktast som fører avviksmelding for hendinga.
Bandtvang	I den generelle perioden med bandtvang 1. april – 20. august skal hundar haldast i band. Det kan søkjast dispensasjon frå bandtvangen, søknaden må vere handsama av kommunen.
Bruk av viltkamera	Skal berre nyttast til å ta bilete av dyr, og ein skal unngå å ta bilete av folk. Eventuelle bilete av folk skal slettast snarleg. Viltkamera skal merkast med namn, adresse og føremål. Sjekk regelverket på Datatilsynet si nettside.
Funn av spor etter rovdyr	Spor etter rovvilt registrerast på https://skandobs.no . Avføringsprøvar kan leggest i plastpose og leverast til rovviltkontakt.

Viktige telefonnummer (2022)	
Statsforvaltaren sin vakttelefon for rovviltskade	909 26 016
Rovviltkontakt i Fjord kommune	907 32 827
Fjord kommune	418 67 800
Politi	02 800
Stordal og Dyrkorn beitelag	
Leiar: Valldal og Fjøra Beitelag	
Leiar: Norddal/Eidsdal beitelag	
Leiar: Rovviltutvalet	

Søknad om skadefellingsløyve

- Statsforvaltar skal alltid orienterast først på vakttelefon [909 26 016](tel:90926016)
- Skriftleg søknad skal kort orientere om skadesituasjonen
- Kva geografisk område ein søker om skadefellingsløyve
- Kva tidsrom ein søker skadefellingsløyve
- Om ein ønskjer å nytte det kommunale skadefellingslaget
- Kor stort mannskap i det kommunale skadefellingslaget ein ønskjer å nytte (normalt maks 5 stk dag)
- Om kommunen sin kontaktperson ikkje er tilgjengelege kan fungerande leiar av rovviltutvalet sende søknad om bruk av kommunalt skadefellingslag på vegne av kommunen.

Media:

Det skal leggest til rette for at media har gode arbeidstilhøve. Kontakt med media går primært gjennom kommunen/fungerande leiar i rovviltutvalet. Skadefellingsmannskap og skadefellingsleiar skal ha arbeidsro, og uttalar seg ikkje til media med mindre anna er avtalt.

Medlemmar i fellingslaget oppmodast om å halde ein nøytral profil når det gjeld rovdyrpolitikk, også i sosiale media. Felte rovdyr handsamast og synast fram til media på respektfullt vis.

Kort statusrapport til media inneheld følgjande

- Kor mange personar er i sving
- Korleis det jobbast med skadefellinga
- Har det vore nokre observasjonar
- Eventuelt tankar om vidare skadefelling

Etter oppdrag:

Fellingsleiar samlar inn timelister og køyrelister som leverast inn til kommunen for vidare utbetaling . Kommunen ber om refusjon av utgifter frå Statsforvaltaren i etterkant.

Fellingsleiar leverer inn «Rapport for skadefelling» i Miljøvedtaksregisteret (<https://www.miljovedtak.no/>). Lenkje til «Rapport på skadefelling» finn ein ved å søke opp det aktuelle fellingsløyve i Miljøvedtaksregisteret og gå inn på vedtaket. Rapportering kan skje fortløpande eller ved at ein fører ein logg i fellingslaget som inneheld dei moment som rapporten krev, og ein sender inn rapport i etterkant til registeret

Fellingsoppdrag rapporterast etter standard der følgjande opplysningar omfattar blant anna

- Alder på siste skade/observasjon
- Ressursbruk mannskap (tal mannskap og tidsbruk)
- Kontakt med skadevolder
- Bruk av hund (dersom det er aktuelt)
- Om skadevoldar er i felt (i kva situasjon og tidspunkt)
- Nyttå fellingsmetode
- Nyttå utstyr
- Skuddplasskontroll (SNO gjennomfører kontrollen)

Kommunen saman med fellingslaget og eventuelt andre aktørar kan ved behov evaluere fellingsoppdraget der aktuelle tema er:

- Ressursbruk
- Metodar og effektivitet
- Kommunikasjon
- Samarbeid mellom ulike aktørar
- Eventuelle andre forhold.

Økonomisk: Kommunen står som økonomisk ansvarleg ved eit fellingsforsøk som går gjennom det kommunale fellingslaget. Beitelaget varslar kommunen/rovviltutvalet om dei ønskjer å nytte fellingslaget. Fellingsleiar ser til att fellingsoppdraget ligg innanfor dei økonomiske rammene gitt av statsforvaltaren i fellingsløyve. Godtgjersle til mannskap blir utbetalt etter innleverte timelister.

Skadefelling er oppdragsbasert. Det inneber at mannskap i skadefellingslaget står fritt til å godta eit oppdrag. Skadefellingslaget løyser oppdraget sjølvstendig, men må halde seg til fellingsvedtak og gjeldande reglar for sikker og human jakt.

Deltakarar i fellingslaget får utbetalt ein timesats (213 kr/t). Innsats utover 7,5 timar gjev maksimal døgnats på kr 1600,- (2021). Døgnatsen til fellingslaget blir bestemt av Miljødirektoratet.